

---

# AKSJONÆRAVTALE

---

vedkomande

**SOGN OG FJORDANE FONDET AS**

Denne aksjonæravtalen ("Avtalen") er inngått den ..... 2016 mellom

- (1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, org.no. ....
- (2) Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS, org.no. ....
- (3) Sparebanken Sogn og Fjordane org.no. ....

og

- (4) SOGN OG FJORDANE FONDET AS, organisasjonsnummer [s.u.s.] ("Selskapet")

Partene 1 – 4 er i fellesskap nemnt som "Partane" og kvar for seg som "Part", vedkomande utøving av aksjeeigarrettar i Selskapet.

## 1. BAKGRUNN OG AKSJEKAPITAL

Føremålet er å investere i bedrifter med vekstpotensial i Sogn og Fjordane, gjennom til dømes emisjonar og andre finansielle instrument som gir eigardelar i selskapa. Fondet skal søke å oppnå marknadsmessig avkastning på investert kapital gjennom utvikling og realisering av investeringsporteføljen.

Eigarane har som mål å maksimere verdien av Selskapet. Aksjonærane er likevel kjende med at investeringane vil kunne ha en høg risiko og at investeringane også har eit samfunnsmessig formål gjennom å støtte verksemdar med næringsaktivitet i Sogn og Fjordane, for dermed å bidra til å styrke næringslivet i fylket.

Føremålet med denne Avtalen er å regulere Aksjonærane sine rettår og plikter som aksjonærar i Selskapet.

## 2. UTØVING AV AKSJONÆRRETTAR

Aksjonærane pliktar seg til å utøve sine aksjonærrettår (herunder møte og avgje stemme på Selskapet si generalforsamling) i tråd med Avtalen sine intensjonar.

## 3. INNBETALING AV KAPITAL - AKSJEKAPITAL OG OVERKURS

Partane er samde om at 4% av avtalt kapitalinnskott, skal vere aksjekapital, medan den resterande kapitalen på 96% vert sett av til overkursfond.

Kapitalen kan betalast inn i stegvise transaksjonar.



## SOGN OG FJORDANE FONDET

Avtalt totalt kapitalinnskott er 6.mill med slik fordeling:

Sparebanken Sogn og Fjordane	1,8.mill (72.000,- AS-kapital, 1.728.000,- overkurs)
Sogn og Fjordane fylkeskommune	3,0.mill (120.000,- AS-kapital, 2.880.000,- overkurs)
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	1,2.mill (48.000,- AS-kapital, 1.152.000,- overkurs)

#### 4. FRAMTIDIGE AKSJONÆRAR – KAPITALUTVIDINGAR

Selskapet skal arbeida for å auke aksjekapitalen og overkurs frå MNOK 6 til eit ønska nivå på MNOK 10. Aksjonærane har som intensjon å gå inn med ytterligare midlar i fondet, etter behov og seinast innan utgangen av 2018. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek her eit klart atterhald om framtidig budsjettsituasjon og finansieringsevne. I denne perioden vil alle utsteda teikningsrettar skje til pari kurs. Etter perioden vil teikningsrettar utstedast til marknadsverdi.

Kapitalauke gjennom nyemisjonar skal først og fremst skje gjennom bruk av styrefullmakter og aksjonærane forpliktar seg til å stemme for slik styrefullmakt, slik at innhenting av ny eigenkapital til Selskapet kan skje så effektivt som mogleg.

Aksjonærane fråskriv seg fortrinnsrett til nyteikning av aksjar. Det skal vere eit vilkår for nyteikning at nye aksjonærar med verknad frå tidspunktet for ervervet skriftleg sluttar seg til denne aksjonæravtalen ved å signere tiltredelseserklæring teke inn som vedlegg 1.

Ved eventuell avvikling av Selskapet skal eigenkapitalen utbetalast til aksjonærane, samstundes som selskapet kan vedta utbyte på ordinær måte.

#### 5. STYRING OG LEIING AV SELSKAPET

Aksjonærane skal vedta ein overordna forretningsplan for Selskapet som inkluderer nøkkelområde for verksemda, marknadsstrategiar og prioriteringar, sentrale verdiskapande faktorar m.v.

##### 5.1 Styre

Partane i avtalen har rett til å peika ut kvar sin representant til styret i fondet.

##### 5.2 Styremøter

Styret skal møtast minst tre gonger pr år.

##### 5.3 Forvaltning av Selskapets Investeringar

Selskapets Investeringsportefølje skal ivaretakast av ein forvaltar og av styret i Selskapet. Forvaltar er Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS ved dagleg leiar inntil noka anna vert vedteke av aksjonærane i generalforsamling med same krav til fleirtal som ved vedtektsendringar.

Alle investeringar som er i tråd med selskapet sitt føremål skal ha  $\frac{3}{4}$  fleirtal i styret for å vere gyldig. Forvaltar skal vere sekretær for styret i alle investeringssaker og skal legge fram alle investeringar for styret, herunder vedkomande m.a. emisjonar, aksjekjøp, sal av aksjar.

Forvaltar rapporterer til styret. Det skal etablerast ein eigen forvaltaravtale, samt instruks for dagleg leiar/forvaltar, som regulerer dagleg leiar/forvaltar sine oppgåver nærare.

Forvaltar har generell fullmakt til å representere, møte og stemme for, Selskapet i generalforsamlingar og eventuelle styre.

## **6. FINANSIERING AV SELSKAPET**

Selskapet skal først og fremst finansierast gjennom eksisterande eigenkapital eller tilbakehalde overskot.

## **7. OVERDRAGING AV AKSJAR**

Aksjonærane forpliktar seg til ikkje å pantsette eller på nokon anna måte hefte aksjane, utan samtykke frå dei øvrige aksjonærane. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn. Om aksjane blir pantsett som ledd i ein finansiering som er naudsynt for å sikre kapitalbehov i Selskapet, kan samtykke ikkje nektast.

### **7.1 Samtykkekrav ved eigarskifte**

Eigarskifte til aksjar krev skriftleg samtykke frå styret i tråd med reglane i aksjelova. Krav om samtykke gjeld ikkje ved overdraging til selskap som er kontrollert av, eller er under felles kontroll med, overdragar, jf aksjelova § 1-3, eller til nærstående, jf definisjonen i aksjelova § 1-5.

### **7.2 Forkjopsrett**

Aksjonærane har forkjopsrett når ein aksje i Selskapet skal avhendast eller for øvrig skifte eigar. Forkjopsrett blir ikkje utløyst ved overdraging til ein nærstående (jf aksjelova § 1-5) av avhendaren.

### **7.3 Tiltreding av Avtalen ved eigarskifte**

Den som vil overføre aksjar, skal på førehand gjere ervervaren kjend med avtalen og skal sørge for at ervervaren skriftleg tiltrer avtalen som aksjonær med verknad frå tidspunktet for ervervet ved å signere tiltredelseserklæring teke inn som vedlegg 1.

## 8. MEDSALGSPLIKT

Om ein eller fleire Aksjonærar som til saman eig minst 75 % av aksjane i Selskapet inngår avtale om å selje alle sine aksjar i Selskapet til en utenforstående tredjemann eller kjøpargruppe, kan vedkomande part krevje at øvrige aksjonærar sel alle sine aksjar i Selskapet på same vilkår, ("Medsalgspunkt"). Medsalgsplikta gjeld kun ved sal til marknadspris og vilkår elles.

Om seljande aksjonær ønskjer å gjere gjeldande Medsalgsplikt ovanfor dei øvrige Aksjonærane, må seljande Aksjonær sende melding om dette til Aksjonærane seinast 10 dagar før salet er planlagt gjennomført. Dei øvrige Aksjonærane er i så fall forplikta til å selje sine aksjar på dei same vilkår og betingelsar som den seljande Aksjonær.

## 9. MISLIGHOLD

Brot på denne avtalen medfører ei plikt for den misleghaldande aksjonæren til å erstatte dei øvrige aksjonærane og/eller Selskapet sitt økonomiske tap som følgje av brotet.

## 10. ENDRINGER AV AVTALEN

Endring av avtalen krev at det er samrøystes. Endringsavtaler skal inngåast skriftleg og signerast av alle partane.

Dersom vedtekter og avtale ikkje samsvarer, går avtalen føre. Vedtektene for Selskapet er teke inn som vedlegg 2.

## 11. KONFIDENSIALITET

Aksjonærane skal teie om eitkvart forhold vedkomande Selskapet eller dei øvrige aksjonærane som aksjonærane får kunnskap om. Teieplikta omfattar ikkje informasjon eller opplysingar som

- i. kan offentleggjerast i tråd med Selskapet sin informasjonspolicy, slik denne er vedteken av Selskapets styre;
- ii. offentleggjerast i tråd med krav som følger av kommunikasjonspolicyar eller -strategiar;
- iii. var alminneleg kjent på det tidspunkt for denne avtalen;
- iv. blir alminneleg kjent eller offentleggjort på annan måte, unntatt ved brot på denne avtalen;
- v. vert gjeve i tråd til plikter som følgjer av preseptorisk lov eller forskrift, børsavtale eller børsregler.

Teieplikta til aksjonærane etter dette punktet gjeld så lenge avtalen gjeld og også i en periode på 2 år etter at ein aksjonær ikkje lenger er part i avtalen.



## 12. AVTALENS OPPHØR

Avtalen skal automatisk slutte å gjelde ved:

- i. Oppløysing av selskapet eller konkurs;
- ii. det tidspunktet ein aksjonær blir eigar av 100 % av aksjane;
- iii. det tidspunktet ein anna person enn nokon av aksjonærane blir eigar av 100 % av aksjane;
- iv. for ein aksjonær, frå det tidspunktet vedkomande aksjonær ikkje lenger, direkte eller indirekte, eig aksjar; og
- v. dersom aksjonærane skriftleg avtalar at avtalen skal slutte å verke enten ved inngåing av ein ny aksjonæravtale eller på annan måte.

I forhold til ein aksjonær som avhender samtlege av sine aksjer i Selskapet i tråd med med bestemmelsar i avtalen, opphøyrer avtalen når avhendinga av aksjane er gjennomført.

Avtalens opphør skal ikkje fritta for plikter som er pådratt ved brot på avtala eller på annan måte før opphørstidspunktet.

## 13. LOVVALG OG TVISTER

Avtalen og alle tvistar forbunde med han, er underlagt norsk rett. Dersom det oppstår ein tvist mellom Partane om gyldigheita, tolkninga eller gjennomføringa av avtalen, og tvisten ikkje kan løysast ved forhandlingar, skal tvisten bringast inn for dei ordinære domstolane. Sunnfjord tingrett vert vedteke som vernetting.

Avtalen er underteikna i 3 eksemplar, eit eksemplar til kvar av partane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

---

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS

---

Sparebanken Sogn og Fjordane

---



SOGN OG FJORDANE  
**FONDET**

vedtekne ..... 2016.